

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 30.11.2012
Møtetid: 10.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 4/2012
Innkalling: Faste medlemmer til kontrollutvalet, Rådmannen (sak 32/12), Revisor (sak 31/12).

Melding til: Ordfører(møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

028/12 Godkjenning innkalling og sakliste
029/12 Skriv og meldingar.
030/12 Reglement kontrollutvalet i Gloppen.
031/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune»..
032/12 Orientering invisteringsprosjekt..
033/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Gloppen.
034/12 Eventuelt.

Gloppen 23.11.2012

Bjarne Bø (s)
Leiar


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

028/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

029/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	029/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 25-12 Vedtak kst sak 080/12 – «Plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012 – 2012»
- SM 26/12 Vedtak kst sak 080/12 – «Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS eigarskapskontroll – Gloppen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	01.10.2012	080/12
Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 216	12/1348-2

Plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012-2015

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
179821 Plan for forvaltningsrevisjon - Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Saka er utgreidd og fremja av kontrollutvalet.

Saksutgreiing (frå kontrollutvalet si behandling):

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteyrda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: "Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:

- forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- regelverket vert etterlevd,*
- styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 029/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

I kontrollutvalsmøte 03.05.2012 i sak 013/12 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – evaluering.
- Ommheimling av sjukeheimsplassar – effektar..
- Bekymringsmeldingar i barnevernet.
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal egedomsmasse.
- Utvikling av kostvader i drift over tid, med spesielt auge på kultur sin store auke framover og skule sin manglande innteningar tross skulestrukturendring.
- Økonomiplanlegging
- Saker som medfører budsettendringar
- Forvaltningsrevisjon i selkap.

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2012 er også henta inn. Planen ligg ved. Planen syner at det skal vere tilsyn om «Regionalt miljøprogram og «spesielle miljøtiltak i jordbruket», «Oppfølging av rusmiddelavhengige» og «Beredskap for samfunnstryggleik» i 2012.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltningsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ikkje vurdert.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen har ikkje uttalt seg i saka.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012 – 2015.

Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:

- 1. Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.
- 2. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal egedomsmasse.
- 3. Kommunale saksgangsrutinar.
- 4. IKT sikkerheit.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

01.10.2012 KOMMUNESTYRET

080/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	01.10.2012	078/12
Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Einar Holmøy	Arkiv: M8	11/442-8

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS - eigarskapskontroll - Gloppen kommune

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
154473	Rapport for Gloppen - eigarskapskontroll i Alarmsentralen
154474	Møtebok - kontrollutvalet - sak 011/11
154475	KS-eigarforum - tilråding om eigarskap, leing av selskap og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eigde selskap og føretak

Bakgrunn for saka:

Etter tilråding frå kontrollutvalet i sak 10/10 Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS den 05.10.2010, vedtok kommunestyret i Gloppen den 07.03.2011 sak 015/11 å gjennomføre eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Prosjektet er gjennomført av SEKOM-sekretariatet. Rapporten er ferdig.

Saksutgreiing:

Eigarskapskontrollen i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS er gjennomført som eit fellesprosjekt med eigarkommunane; Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Stryn. Rapporten er tinga av kontrollutvalet i Gloppen etter fullmakt frå kommunestyret. Det er utarbeidd ein rapport for kvar kommune, men det er ein fellesdel for alle rapportane med fakta om selskapet.

Arbeidet med eigarskapskontroll av Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS var starta opp før Gloppen kommune gjekk inn i SEKOM-sekretariatet.

Formålet med kontrollen er å sjå til at eigarinteressene til kommunen i selskapet blir utøvd i samsvar med selskapsavtalen, med lov om interkommunale selskap og vedtak i eigarkommunane.

Vidare er det meininga å kartlegge ein eventuell strategi med eigarskapen, og viss slik strategi ikkje finst: å få starta opp arbeidet med eit strategidokument. Den økonomiske situasjonen til alarmsentralen skal kartleggjast og presenterast i form av nøkkeltal, og kontrollen skal sjå til at styrings- og informasjonslinjene fungerer.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15 skal det selskapet som er omfatta av kontrollen, og den som utøver kommunen sitt eigarskap få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten. Rapporten har vore til høyring hjå Alarmsentralen Sogn og Fjordane

IKS, styremedlemar som kjem frå kommunar som er omfatta av kontrollen, representanten for Gloppen kommune og Gloppen kommune v/administrasjonssjefen. Tilbakemeldingar er innarbeidde i rapporten.

Sekom-sekretariatet har oppsummert sine konklusjonar slik:

Problemstilling 1: Selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap

- 1a) Kontroller at selskapet har følgd selskapsavtalen slik at kommunane er representerte slik det går fram av denne. Jfr. §§ 7 og 8 i selskapsavtalen. Jfr. også § 6 i Lov om interkommunale selskap:

Representantskapet og styret er sett saman i samsvar med selskapsavtalen.

- 1b) Utøver representanten sitt mynde?

Representanten eller vararepresentanten til Gloppen har møtt i alle dei fem representantskapsmøta i den kontrollerte perioden.

Alle saker som etter selskapsavtalen skal handsamast i representantskapsmøte har blitt handsama der.

- 1c) Utøver styret sitt mynde?

Styret synest å utøve sitt mynde tilfredsstillande.

Problemstilling 2: Vedtak i kommunestyret

- 2a) Vert vedtak gjort i kommunestyret handsama rett og følgd opp i selskapet?

Alarmsentralen følgjer opp vedtak gjort i kommunestyret.

Gloppen kommunestyre har ikkje gjort vedtak i representantskapssak 08/07 Tillegg i selskapsavtalen.

Problemstilling 3: Utøving av eigarskap målt mot tilrådingar frå KS Eigarforum.

- 3a) Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde. (T1)

Gloppen kommune har ikkje gjeve representanten tilbod om opplæring i samband med hans verv som kommunen sin representant i Alarmsentralen.

Styremedlemene har i inneverande periode ikkje fått tilbod om opplæring i samband med sitt verv i Alarmsentralen.

- 3b) Utarbeiding av eigarskapsmeldingar. (T2)

Det er ikkje uarbeidd eigarskapsmelding.

- 3c) Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter. (T3)

Gloppen kommune sin representant veit kva strategi Gloppen kommune har med eigarskapen i Alarmsentralen.

Strategi med eigarskapen i Alarmsentralen er kjent for styremedlem og representant gjennom at begge er kommunestyrerepresentantar.

3d) Samansetning og funksjon til eigarorgan. (T7)

*Gloppen kommune har valt politisk representasjon i eigarorganet.
Gloppen kommune har kommunikasjon mellom kommunestyre og representant
generelt eller i førekant av representantskapsmøte.
Protokollar frå Alarmsentralen vert ikkje lagde fram for kommunestyret.*

3e) Gjennomføring av eigarmøte. (T8)

*Det er lagt godt til rette for at representanten skal kunne møte og vere godt førebudd
til møte i representantskapet.*

3f) Samansetting av styret (T9)

*Styret synest å vere sett saman av medlemmer som kompetansemessig utfyller
kvarandre.*

3g) Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra. (T11)

Det har ikkje vore gjennomført konkret vurdering av kompetanse i styret.

3h) Kjønnnsrepresentasjon i styret. (T15)

Lovkravet til minst 40% representasjon i styret frå begge kjønn er oppfylt.

Tilrådingar.

Sekom-sekretariat tilrår at kommunen legg KS-eigarforum sine tilrådingar om eigarskap og selskapsleiing til grunn for sitt utøvande eigarskap i selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Etter gjennomført eigarskapskontroll i Alarmsentralen tilrår Sekom-sekretariat følgjande:

- Gloppen kommunestyre bør snarast gjere vedtak i Alarmsentralen si representantskapssak 08/07 Tillegg i selskapsavtalen.
- Det bør gjevast tilbod om opplæring til representantar og styremedlemer.
- Det bør lagast eigarmelding.
- Protokollar frå representantskapsmøte i Alarmsentralen bør som fast rutine leggjast fram for kommunestyret til orientering.

I møte den 01.06.2011 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak og tilråding til kommunestyret:

1. Kontrollutvalet tek til orientering at dagleg leiar i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS sin uttale frå oktober 2010 berre omfattar faktadelen i rapporten, og ikkje særskilt det som gjeld Gloppen kommune.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:
 - Kommunestyret tek rapporten til vitande
 - Det vert vist til konklusjonar og tilrådingar i rapporten side 24 og 25
 - Kommunestyret ber rådmannen følgje opp desse

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

Sekom-sekretariatet ber i si tilråding kommunen om å gjere vedtak i Alarmsentralen si representantskapssak 08/07 (Tillegg i selskapsavtalen) som omhandlar tryggleiksalarmar. Gloppen kommune ønskte med denne kontrollen mellom anna å få klarlagt tilhøva kring Alarmsentralen si disponering av inntekter frå tryggleiksalarmar før det vert gjort vedtak i saka. Så langt rådmannen kan sjå inneheld ikkje rapporten gjennomgang av desse spørsmåla, som var viktige for administrasjonen å få klarlagt.

Kontrollutvalet har tilrådd at rapporten vert lagt fram for kommunestyret, og rådmannen vel å følge tilrådinga.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tek Sekom-sekretariatet sin rapport til vitande. Det vert vist til konklusjonar og tilrådingar i rapporten side 24 og 25, og kommunestyret ber rådmannen følge opp desse.

Kommunestyret merkar seg pkt 1 i kontrollutvalet sitt vedtak.

01.10.2012 KOMMUNESTYRET**078/12 VEDTAK:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

030/11 REGLEMENT KONTROLLUTVALET GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 25.11.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	30.11.2012	030/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Rapport 85-tilrådingar om eigenkontroll i kommunane utgjeve av KRD.
- Høyringsnotat om endringar i kommunelova, KRD.
- Kommunetyresak 031/11 og 079/12
- Kontrollutvalssak 030/11 og 008/12
- Formannskapsak 018/12

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

REGLEMENT KONTROLLUTVALET GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Innføring av reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

Saksopplysningar:

I brev frå Gloppen kommune den 05.10.2011 vert det stilt spørsmål om kontrollutvalet ventar på eit forslag til reglement for kontrollutvalet. I e-post den 6. oktober svarar SEKOM-sekretariat at dei ser det som naturleg at det er sekretariatet som legg fram forslag til nytt reglement for kontrollutvalet, og at kontrollutvalet gjev tilråding til kommunestyret om dette og at kommunestyret så gjer vedtak i saka.

I og med at kontrollutvalet skal vere uavhengig av dei andre utvala, og at kontrollutvalet har eige sekretariat, er det sekretariatet for kontrollutvalet som bør utarbeide utkast til reglement som så vert lagt fram for kontrollutvalet. Både FKT og NKRF har uttalt at det er slik det vil vere. Det vert vist til kontrollutvalsboka. Kontrollutvalet gjev tilråding om reglementet til kommunestyret.

Reglementet for kontrollutvalet er basert på kommunelova, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det teke utgangspunkt i rutinane som har vore gjeldane vedrørande system for val av varamedlemer, møteinnkalling, gjennomføring av møte og handtering av møteprotokollar.

Kommunal- og Regionaldepartementet gav i desember 2009 ut rapport med 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Etter dette er det utarbeidd utkast til endring i kommunelova. Høyring vedrørande dette er under gjennomføring.

I utkastet til reglement er det teke høgde for at dei tilrådingane som er gjevne om kontrollutvalet i rapport om 85 tilrådingar til eigenkontroll i kommunen og endringane som går fram av høringsutkastet til endring av kommunelova vert gjennomførde. Dei mest sentrale punkta, som er tekne med i reglementet, i høve til dette er følgjande:

- Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet saman med formannskap og ordførar.
- Leiarar og styremedlemer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala.
- Kontrollutvalsmøta bør som hovudregel vere opne.

Oppgåva til kontrollutvalet er å gje tilråding om reglementet til kommunestyret. Kommunestyret gjer vedtak i saka.

Saka vart handsama i kommunestyret i sak 079/12 «Nytt reglement for kontrollutvalet – vidare behandling», den 01.10.2012. Saka vart her sendt til bake til kontrollutvalet for ny handsaming.

Sekretariatet sine vurderingar:

Utkast reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune

Lov av 25. september 2002 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Gloppen kommune, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha fem medlemer. Det skal veljast tre varamedlemer i nummerert rekkjefølgje. Den øvste på lista vil alltid bli kontakta først ved forfall til kontrollutvalsmøte. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar i kontrollutvalet skal veljast mellom dei faste medlemmane i kommunestyret.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ved val av medlemer og varamedlemer skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemer og varamedlemer med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemmane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jfr. kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgaver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgaver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følge kommunelova sørge for at følgende oppgaver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje fråsegn til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggest fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgaver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følge budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemer. Innkallinga vert i tillegg lagt ut på heimesida til kommunen.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemmane, varamedlemmane, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemmar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som Gloppen kommune eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggjast til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørger for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Vedteke av Gloppen kommunestyre 30.11.2012.

031/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - PROSJEKTPLANLEGGING I GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Vedlegg til saka:

- Utkast tingsdokument.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Kontrollutvalssak 023/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet "Prosjektplanlegging i Gloppen kommune".
2. Tingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.
3. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - PROSJEKTPLANLEGGING I GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Prosjektplanlegging i Gloppen kommune”

Saksopplysningar:

Kommunelova §77 nr. 4, 2. punktum pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon i kommunen. Etter Forskrift om kontrollutval i kommunar § 10 skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Denne planen skal vere basert på ein overordna analyse.

Kontrollutvalet har fått presentert overordna analyse og basert på denne er det 23.08.2012 gjeve tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret har vedteke planen i sak 080/12 Plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune 2012 – 2015.

Prosjektet som er prioritert øvst i planen er «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune»

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga. Kommunerevisjonen i Nordfjord vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har også utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingsingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til Kommunerevisjonen i Nordfjord.
- Tilbakemelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå Kommunerevisjonen i Nordfjord
- Levering av prosjekt frå Kommunerevisjonen i Nordfjord til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

"Utkast"

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Førde 30.11.2012

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT "PROSJEKTPLANLEGGING I GLOPPEN KOMMUNE"

Prosjektnamn

Prosjektplanlegging i Gloppen kommune

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Gloppen gav 23.08.2012 kommunestyret i Gloppen tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Gloppen gjorde i sak 080/12 Plan for forvaltningsrevisjon vedtak i saka. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å tinge prosjektet i sak 030/11 den 30.11.12.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Gloppen kommune ynskjer ei vurdering av prosjektplanlegging i Gloppen kommune.

Avgrensing av undersøkinga

Perioden 2011 og 2012

Aktuelle problemstillinger og vilkår for prosjektet

- Vurder om Gloppen kommune har eit tilfredstillande system /retningslinjer for planlegging, gjennomføring og avslutning av investeringsprosjekt.
 - Retningslinjer
 - Anbud
 - Budsjett
 - Politiske vedtak
 - Prosjektrekneskap

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 1. juni 2012.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 31/12 30. november 2012.

Bjarne Bø
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

032/12 ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	032/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gloppen kommune – Prosjektrekneskapar – Politisk handsaming, datert 24.08.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 019/10, 25/11 og 25/12
- Kommunestyresak 057/10

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om investeringsprosjekt under arbeid.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 02.12.2010 gjorde kontrollutvalet einstemmig vedtak om følgjande tilråding til kommunestyret:

- *Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostnad over kr. 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. Storleiken på beløpet vert teke opp til vurdering annakvart år.*
- *Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.*

Den 13.12.2010 gjorde kommunestyret tilsvarende vedtak i kommunestyresak 057/10.

I samband med kontrollutvalsmøte den 11.06.12 og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at kommunestyrevedtak 057/10 ikkje er effektivt.

I kontrollutvalssak 025/12 den 23.08.2012 "Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune" vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune.*

24.08.2012 er det sendt brev til rådmannen om at han vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommune
Gandavegen 9
6823 SANDDANE

Førde, 24.08.12

Dykkar ref.:

Vår ref.: VØ

Jnr.: 342/12

Arkiv: Gloppen

PROSJEKTRKESKAPAR – POLITISK HANDSAMING

I kontrollutvalsmøte den 02.12.2010 gjorde kontrollutvalet einstemmig vedtak om følgjande tilråding til kommunestyret:

- *Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostnad over kr. 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. Storleiken på beløpet vert teke opp til vurdering annakvart år.*
- *Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.*

Den 13.12.2010 gjorde kommunestyret tilsvarende vedtak i kommunestyresak 057/10.

I samband med kontrollutvalsmøte den 11.06.12 og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at kommunestyrevedtak 057/10 ikkje er effektivt.

I kontrollutvalssak 025/12 den 23.08.2012 "Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune" vart det gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune

Kontrollutvalet ber om at administrasjonen førebur ei orientering om arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune til neste kontrollutvalsmøte.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet. Neste møte i kontrollutvalet i Gloppen er sett til 30. november 2012.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

033/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.12.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	30.11.2012	033/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22.september 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppebn kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivert. 24.08.12 Brev
11/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	01.06.11		01.06.11: Tilråding til kst. 01.06.11: s kst. 14.07.11 Påminning om saka. 18.07.11 Stadfesting mottak av påminning. 23.02.12 Brev til Gloppen kommune 04.06.12 Brev lagt som sm til møtet i KU. Ikkje handsama i kst.
Sak 028/11 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt.	02.12.11		29.06.11 Brev til Gloppen kommune. 02.09.11 Brev til Gloppen kommune 02.12.11 Vedtak i KU - Kontrollutvalet utset val av forvaltningsrevisjonsprosjekt inntil Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2011 – 2015 er vedteken av kommunestyret.
Sak 029/11 Overordna analyse – tinging.	02.12.11		02.12.11 Vedtak i KU – ”Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.”
Sak 030/11 Reglement for kontrollutvalet.	02.12.11		02.12.11 Vedtak KU- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen. 06.12.11 Reglementet for kontrollutvalet sendt til KS 23.02.12 Brev til fmsk om ku sin innstillingsrett til kst. 23.02.12 Div e-postar 24.05.12 E-post til sh om status. 04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som

			sm. 21.06.12 Brev frå rm til G.kom. Sjå skriv og meldingar.
Sak 006/12 Oppfølgingsliste 1-2012 – Gloppen	22.02.12		- 22.02.12 Vedtak KU- Kontrollutvalet ber om at rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS vert lagt fram for kommunestyret. - 23.02.12 E-post sendt itl Gloppen kommune. Ikkje handsama i kst
Sak 008/12 Sak formannskapet – reglement for kontrollutvalet.	22.02.12		- 22.02.12 Vedtak ;KU: Kontrollutvalet ber formannskapet trekkje saka frå sakskartet. - 23.02.12 Brev «Reglement for kontrollutvalet Gloppen kommune» sendt til Gloppen kommune. - 23.02.12 Div e-postar om saka. 24.05.12 Bede sh om status. 04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som sm. 21.06.12 Brev frå fm til G.kom
Sak 09/12 orientering leiarutviklingsprogram Gloppen kommune	22.02.12		22.02.12 Vedtak KU – Kalle rdm inn til neste møte for - å orientere. - 23.08.12 Rådmann orienterte om leiarutviklingsprogram i sak 022/12. Vedtak i KU: - Sjå sak 022/12
Sak 12/12 Orientering leiarutviklingsprogram	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Saka utsett til neste møte.
Sak 13/12 Overordna analyse	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Utsett til neste møte
Sak 18/12 Årsrekneskapen 2011 – Gloppen kommune.	04.06.12		04.06.12 Fråsegn til kst
Sak 19/12 Eventuelt	04.06.12		04.06.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 057/10 «Rekneskap for avslutta investeringsprosjekt – rutinar» av 13.12.10. - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følgje opp at kontrollutvalsak 11/11 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» av 01.06.11 vert lagt fram for kommunestyret. Kontrollutvalet handsamar plan for forvaltningsrevisjon i neste møte i kontrollutvalet.
020/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
021/12 Skriv og meldingar.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar teken til vitande.
022/12 Orientering leiarutviklingsprogram.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: - - Kontrollutvalet tek orienteringa om leiarutviklingsprogram til vitande. - Sekretariatet distribuerer rådmannen sin presentasjon til kontrollutvalet
023/12 Plan forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: 24.08.12 Sendt tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret Lag forslag til bestilling av prosjekt 1 til neste møte.
024/12 Budsjett for drift av kontrollutvalet 2013.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: 24.08.12 Sendt kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret.

025/12 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørende orientering.
026/12 Oppfølgingsliste 3-2012 Gloppen.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 3-2012 vert teken til vitande.
027/12 Eventuelt.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Då kontrollutvalet ikkje har representant i kommunestyret, møter kontrollutvalsleiar som tilhøyrar i kommunestyret. Er leiar forhindra i å møte, møter nestleiar.
			-

Oppdatert 22.09.2012

034/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.11.2012	034/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

-

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.